



FYRESDAL KOMMUNE SEKTOR FOR PLAN OG TEKNIKK
Klokkarhamaren 6
3870 Fyresdal

Saksbehandler:
Eli Bjørnø Sjulstad

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Fyresdal kommunes avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14 Kontrollnummer: 2021.025.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

John Kjell Lien (Kommunalsjef plan og
teknikk)

Andre deltakarar frå verksemda:

Geir Teksle (Driftsoperatør)
Egil Libsjå (Driftsoperatør)
Une Marit Aarbakk Tangen (Rådmann)

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Eli Bjørnø Sjulstad

*Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i
Vestfold og Telemark:*

Pernille Bechmann

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Fyresdal kommune den 21.09.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkja 2 avvik og ga 2 merknadar under inspeksjonen.

Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 2 da dette er gjentakande frå vårt tilsyn i 2008.

Avvik:

1. Verksemda har manglar i internkontrollen
2. Verksemda kunne ikkje vise ei miljørisikovurdering

Merknader:

1. Verksemda hadde ikkje prioritert bytte av pumpekummar utan varslingsystem
2. Avvikssystemet har enkelte manglar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

2021.11.01	Eli Bjørnø Sjulstad	Siv Hege Wang Grøvo
dato	kontrollør	fagsjef
	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: FYRESDAL KOMMUNE SEKTOR FOR PLAN OG TEKNIKK	
Organisasjonsnr.: 974641100	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentleg administrasjon i tilknytning næringsverksemd og arbeidsmarknad	

Kontrollert eining

Namn: Fyresdal avløpsrensaneanlegg	Anleggsnr.: 3823.0005.01
Kommune: Fyresdal	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 26. oktober 2000	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for kommunale avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kap. 14.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

Internkontroll

Prosess og reinseutstyr

Utslepp til vatn

Gjeldande utsleppsløyve

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fyresdal kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Fyresdal kommune innan 14. januar 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sftvpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Eli Bjørnø Sjulstad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 29. juni 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Fyresdal kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klageadgang

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova) og på www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har manglar i internkontrollen.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarer:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8 sett krav om at det skal gjerast ein systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føresett. Det er krav om skriftleg dokumentasjon av dette. Internkontrollen § 5 andre ledd punkt 7 sett krav om at det skal vere rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggja brot på fastsette krav.

Det blei i forkant av tilsynet oversendt dokument med verksemdas internkontroll. Det var det var ikkje samsvar mellom generell del og anleggsdelen av den dokumenterte internkontrollen kva gjelder ansvarsfordeling i verksemda.

Verksemda kunne ikkje dokumentere at de har utført systematisk gjennomgang av internkontrollen. Anleggsretta del av internkontrollen har revisjonsdato i 2016 og ingen av dokumenta har utfylt revisjonsforside.

Avvik 2

Verksemda kunne ikkje vise ei miljørisikovurdering.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6.

Kommentarar:

Internkontrollen sett krav om at verksemdar skal kartlegge fare og problem, og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikoforholda.

Verksemda kunne ikkje førelegga risikovurderingar for ytre miljø. Det er verksemdas ansvar å ha tilstrekkeleg kunnskap om verksemdas miljørisikopotensiale (forhold som kan føre til forureining eller fare for forureining). Verksemda skal ta stilling til om avdekka miljørisiko er akseptabel eller om tiltak må gjennomførast. Det forventas at uakseptabel risiko følges opp i tilhøyrande plan med tiltak.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda hadde ikkje prioritert bytte av pumpekummar utan varslingsystem.

Kommentarar:

Det blei informert under tilsynet at det er enkelte pumpekummar som ikkje har automatisk varslingsystem og som blir sjekka ved inspeksjon ca. ein gang i veka. Det var blitt spelt inn som eit prioritert tiltak å oppgradere pumpekummane. Dette har ikkje blitt prioritert. Ved sjekk av pumpekummer ein gong per veke kan ein potensielt få ein overløpssituasjon som varar i ei veke før neste inspeksjon. Etersom det ikkje er gjennomført miljørisikovurdering er det ikkje vurdert om risikoen er akseptabel.

Ved prioritering av tiltak er det viktig at miljørisikovurdering leggstil grunn.

Merknad 2

Avvikssystemet har manglar.

Kommentarar:

Det blei i forkant av intervjuet oversendt eit eksempel på ei registrert avviksmelding og det blei informert om at dette er det einaste avviket ang. ytre miljø som er registrert i seinare tid. Dagens system er sårbart og sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at alle avvik blir lukka, da det ikkje er varsling til leiinga ved ev. manglande lukking. Internkontrollen må sikre ei felles forståing av kva som er definert som eit avvik og dermed skal meldast. Det bør inngå ei liste over eksempel på typiske avvik som kan oppstå.

Kommunen legger varigheit av eit forhold til grunn som kriterium for om man skal melde avvik eller ikkje. Det kommer ikkje fram kva vurderingar som ligger til grunn for dei ulike varigheitene og om kommunen har kontroll på om dei er innafor krav i forskrift og løyve med denne terskelen for avviksmelding.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Anleggsbeskrivelse Fyresdal 2019.06.17
- Godkjenning kontrahert personell, Driftsassistansen i Aust-Agder og Telemark
- Avviksmelding Holtebakken PS 07.07.2021
- Besøksrapport Fyresdal 11.08.2020
- Eksempel på rapport om levert data til MD
- Driftsjournal
- IK Fyresdal Anleggsretta del
- IK Fyresdal Generell del
- Organisasjonsplan
- Prøvetakingsplan Fyresdal avløp 2021
- ROS-analyse ytre miljø – mal
- Driftsassistansen i Telemark, Avløp - Årsrapport Telemark 2020

Kopi til:

John Kjell Lien - Kommunalsjef plan og teknikk